

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 09.12.2021

SAKLISTE

- GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
- GODKJENNING AV MØTEBOK
- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- INTERPELLASJON
- BEHOV FOR AUKA ØKONOMIRAMME NY VENTILASJON 1959 FLØY GULEN SJUKEHEIM
- BEREDSKAPSPLAN FOR GULEN KOMMUNE. UTSETT REVISJON 2021
- REGULERING AV INVESTERINGSBUDSJETTET 2021
- FORSKRIFT OM GEBYR, AVGIFTER, HUSLEIGE OSB. 2022
- BUDSJETT 2022 MED HANDLINGS- OG ØKONOMIPLAN 2022-2025 - SLUTTHANDSAMING
- FRAMLEGG TIL VEDTAK VEDKOMMANDE NY FORSKRIFT OM INNSAMLING OG HANDSAMING AV HUSHALDNINGSAVFELL I KOMMUNANE SOM ER DELTAKARAR I NGIR, SAMT DELEGASJON AV MYNDE
- KOMMUNAL PLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2019-2022
- VERTSKOMMUNESAMARBEID BARNEVERNVAKT. GODKJENNING AV AVTALE MED ALVER KOMMUNE

Stad og tid: Brekkestranda fjordhotell kl. 10.00
Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordfører

Kunngjering

Handlings- og økonomiplan 2022-25 med budsjett 2022

Forskrift om gebyr, avgifter, husleiger osb. 2022

Framlegg til desse sakene ligg til offentleg ettersyn ved ekspedisjonen på kommunehuset og på heimesida.

Fram til og med **08.12.2021** er det høve til å kome med merknader til sakene.

Merknader kan sendast til kommunen anten per e-post postmottak@gulen.kommune.no eller post:

Gulen kommune
Eivindvikvegen 1119
5966 Eivindvik

Årleg ruteendringsprosess 2022

Kommunane i Vestland er inviterte til å komme med innspel til justeringar av rutetilbodet for buss, båt og ferje. Formålet er å fange opp forbetningsbehov som grunnlag for å gjere naudsynte endringar og tilpasse tilbodet best mogeleg innanfor dei rammene fylkeskommunen rår over.

Kommunen ber om innspel på endringar som bør gjerast her hjå oss. De kan sende innspela til postmottak@gulen.kommune.no innan 15. januar 2022, så sender vi samla forslag til fylkeskommunen.

Nytt bustadfelt på Ortneset

I kommunestyret den 14. oktober 2021 vedtok Gulen kommunestyre å godkjenne reguleringsplanen for Ortneset vest bustadfelt i medhald av plan- og bygningslova §12-12. Planen legg til rette for etablering av bustadfelt med 10 nye kommunale tomter, samt felles naustområde, kyststi, friområde og opprusting av eksisterande leikeplass på Ortneset. Inkludert i planen er også nokre eksisterande tomter som ikkje har vore regulerte tidlegare, samt den kommunale vegen opp til fylkesvegen.

Planen legg til rette for at det skal kunne etablerast både eine- og fleirmannsbustadar. Arbeidet med å leggje til rette infrastruktur for byggjefeltet tek til tidleg i 2022.

Fire av tomtene er allereie reserverte, og det syns me er veldig kjekt!

Meir informasjon om planen finn du på Gulen kommune sine heimesider under «Politikk og høyringar». For spørsmål og reservasjon av tomter, ta kontakt med Ingvild Høydal.

Kompensasjonsordning for verksemder som er råka av pandemien i Gulen kommune

Gulen kommune oppfordrar verksemder i kommunen til å søkje. Kriteria og tekst vert kunngjort på kommunen si heimeside og via regionalforvaltning.no

Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD) har følgd budsjettvedtaket frå Stortinget 18. juni 2021, Innst. 600 S (2020-2021), og tildelar midlar frå den attverande ramma, over kap. 553, post 68 (ny) kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemder.

Målet med ordninga og tilskotet er å setje kommunane raskt i stand til å avhjelpe situasjonen for lokale verksemder, gjennom tildeling av kompensasjonstilskot.

Tildelinga skal sikre likviditet i verksemder, og dempe dei økonomiske konsekvensane av covid-19 pandemien ved at verksemdene

får dekkja dokumentert meirkostnader/tap som følge av smitteverntiltak og nedstengning.

Gulen kommune har fått tildelt kr. 972.000,- til kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemder i særleg utsette bransjar.

Stønad vert gjeven i samsvar med regelverket for offentleg stønad. Søkar pliktar å setje seg inn i dette regelverket.

Nærings- og fiskeridepartementet har laga ein rettleiar i offentleg stønad som ein finn på regjeringen.no

For handsaming av søknadane tek ein utgangspunkt i fylgjande føresetnader:

- Forretningsadresse og verksemd i Gulen kommune
- Ordninga gjeld stønad til å dekkje faste kostnader.
- Verksemda må ha eit inntektstap på meir enn 30%.

Du søker tilskot via **regionalforvaltning.no**.

Kommunen set frist til **15. desember** for å søke tilskot. Det vert halde ekstraordinært møte i formannskapet for å handsame innkomne søknadar.

Info frå psykisk helse og rustenesta




Verdens dagen for psykisk helse

Psykisk helse og rustenesta markerte i veke 39 verdensdagen for psykisk helse.

Vi hadde arrangement i Eivindvik, Brekke, Dalsøyra, Eidsbotn og Byrknes der vi serverte laksetaco, kaffe og kake til dei ulike turgruppene som er «aktiv på dagtid». Vi spurte, kva gjer DEG glad? Svara har vi sete saman til eit hjarte.

Totalt var mellom 65-70 personar med å markere denne viktige dagen saman med oss. Dette var et populært tiltak som ble sete stor pris på.

Vi vil med dette rette ein stor takk til FIRDA seafood som sponsa oss med nydeleg ørret og takk til turleiarane i dei ulike bygdene.



For Psykisk helse og rustenesta
Fagleiar
Anne Karin D. Haveland

Innbyggjarundersøking

Det er to månadar sidan oppstart av felles kontaktsenter for kommunane Gulen og Samnanger. For å få meir informasjon om korleis de som tek kontakt med kommunen, via telefon, oppleve samtalen, har vi no starta med ei innbyggjarundersøking.

De som ringe hovudnummeret til kommunen (57 78 20 00) vert då spurt om å delta i ei kort undersøking. Dei som takkar ja til undersøkinga, vert oppringt etter at samtalen med kommunen er over. Innbyggjarundersøkinga består av tre spørsmål som ein enkelt besvare ved hjelp at tasteval.

Vi oppmodar flest mogleg om å delta i undersøkinga då den er viktig for den vidare utviklinga av kontaktsenteret og innbyggjarbeteninga i kommunen.

Info frå vilt, skog og jordbruk

Ungskogen kjem



Skogdag i Takledalen med fokus på avstandsregulering. Instruktor Arnt Laukeland og skogeigar Einar Takle. Foto H.L. Brosvik

27.september 2021 arrangerte AT Skog, Sogn og Fjordane Skogselskap og Gulen kommune skogdag i Takledalen med tema: avstandsregulering i sjølvfrødd sitkabestand.

I bestandet på fotoet kjem sitkaplantane tett i tett. Vert det ikkje gjort noko med det, vil det bli eit ugjennomtrengelig kratt innan få år. Dette bestandet vart hogge i 2016 og no 5 år etterpå er det på tide å ta første reguleringa. Arnt Laukeland, AT Skog, forklarte kva som måtte gjerast og viste så korleis. Her gjeld det å gje dei plantane som ein vil ha til å vekse opp eit forsprang på dei andre. Då går det ikkje lang tid før dei som vert kappa ned, må gje tapt. Ein treng ikkje å kappe planten heilt ned åt marka. Om det står att ein greinkrans, gjer ingen ting. Det er viktig å gjere dette arbeidet før plantane

vert for store. Det beste er å avstandsregulere 2 gangar. Men veit ein med seg sjølv at dette vert gjort berre ein gong, kan det vere høveleg å setje att 220 plantar pr. daa.

Slikt kulturtiltak gjev Gulen kommune tilskot til gjennom NMSK- ordninga. Satsen er 50% av kostnaden. Så kan ein bruke skogfondsmidlar på resten om ein har pengar på den kontoen. Dette er eit fint arbeid i skogen som gjev veldig god betaling på lang sikt og du kan ut frå tilskot og skogfond ha bra betalt for arbeidet med avstandsreguleringa. 500 kr – 600 kr i tilskot vil kunne akseptast for tiltaket pr. daa. Ta gjerne kontakt med kommunen før du går i gang. Dette er viktig om du ser for deg at tiltaket vert dyrare.

Helge Kårstad frå Kystskogbruket syntest oppkome av plantar på dette feltet var unikt. Han hadde ikkje sett liknade. Og ein fordel er at hjorten ikkje ser ut til å like desse trea noko særleg. Hogst.

Vil du avvirke skog for sal, er AT Skog ein kanal for dette. I år er det gode prisar og det kan vere høve til å få avverka og omsett furu, ikkje berre gran. Men før ein byrjar hogge, må ein ha fått kontrakt med kjøpar. (Og hugs på at skogen er i hogstklasse 5 pluss ca 10 år – utvoksen.)

Mykje av skogen står i bratt terreng. Ønskjer skogeigar tilskot til drift i vanskeleg terreng, skal han søkje 6 veker før hogsten tek til. Treng skogeigar hjelp til søknaden, må han gjerne ta kontakt med kommunen. Når ein tenkjer hogst i eit bestand, må ein også tenkje planting. Alle som leiger inn hogstkapasitet, skal også få tilbodet om plantar og utplanting. Dette er eit krav kjøpar av tømmer må oppfylle i høve PEFC-sertifiseringa til tømmerkjøparen. Dette er også i tråd med skoglova. Ver tidleg ute med tinging av plantar. Ta kontakt med AT Skog eller kommunen.

Takk frå Sone Eivindvik – Gulen sjukeheim

Dementavdelinga vil med dette få takke for minnegåva etter Else Johanne Indrebø og Sigmund Daniel Neverdal. Tusen takk!

Mvh avdelingssjukepleiar Brita Eidnes

Takk frå Brekke barnehage og skule

Fredag 22. oktober arrangerte Brekke barnehage og skule bygdekafé der all inntekta gjekk til TV-aksjonen. Det vart samla inn 5595 kroner.

Tusen takk til alle i bygda som kom og kjøpte kaffi, kaker og lodd på lykkehjulet vårt!

Mvh Wenche Dåe, einingsleiar
Brekke barnehage og skule

Takk frå Dalsøyra samfunnshus

Til Sigrun Virkesdal med familie.

Takk for den flotte pengegåva i samband med Trygve Virkesdal si gravferd.

Dalsøyra samfunnshus
Styret

Tips til julegåver

Julekampanje på bygdebøkene for Gulen;

Gulen i gammel og ny tid (per bok) kr 250,-
Gulen i gammel og ny tid I-III kr 600,-

Hefter for sal:

- Krigsminner frå Rutledal – kr. 100,-
- Kathinkas Jul – kr. 180,-
- Me måtte på sjøen (fiske – næring og tradisjon) - kr. 200,-
- Me skulle hjelpe kvarandre (omsorg og helsestell i førre hundreår i Gulen) – kr. 200,-
- Vi er historia (historia er i oss) – kr. 180,-

Alle bøkene ligg for sal i ekspedisjonen på kommunehuset.



Opningstider i jula

Ekspedisjonen:

Ekspedisjonen/kontaktsenteret har stengt julafta og nyttårsafta, men er ope måndag-torsdag i romjula frå kl. 10.00-14.00.

Gulen legekantor:

Utekontora på Brekke og Byrknes er stengt i romjula, men legekantoret i Eivindvik er ope. For øyeblikkeleg hjelp - kontakt legekantoret på telefon 57 78 10 90:

- Julafta 24.desember 08.00-12.00
- Måndag - torsdag i romjula 08:00 - 15:30
- Nyttårsafta 31.desember 08.00-12.00

Treng ein hjelp utanom desse tidene må ein kontakte Nordhordland legevakt på 116 117.

Eivindvik tannklinikk

Eivindvik tannklinikk har julestengt frå 20.12.2021 – 02.01.2022.



Info frå Gulen Fiskarbondemuseum

Men ordføraren, han kom!

Museumsåret er slutt, og Gulen Fiskarbondemuseum har stengt dørene. Med så gjort, er det tid for å takke!

Takke til alle gode hjelparar som kjem kvart år og lærer barn og unge kva som må til for å livberge seg som fiskarbondede: slå, hesje, skjere torv til brenne, ro og hamle, sette garn, pilke og dorge. Og ikkje minst sløye og lage mat av fangsten! Ungdommane har kvart år laga så mykje mat at alle som ville, kunne komme til festbord av fisk med ungdommane som vertar.

Men ikkje i år! Med korona kunne det ikkje bli den vanlege avslutninga på Fiskarbondedagen. Så det var ekstra stas at ordførar Hallvard kom, snakka med ungdommane og synte omsorg for museet.

Og det er meir å glede seg over: I år har vi fått reparert taket i sjøbua, og vi legg siste hand på eit nytt hefte i museet sin skriftserie. Vi håpar å få det ut til jul!

Vinteren skal ikkje vere heilt utan kulturhistorisk arbeid. Ytre Gulen Sanitetslag, ein av dei mange hjelparane våre, skal arrangere samlingar for dei som kjenner til fiskarbondelivet eller har lyst til å høyre om det. Helse og historie har vi kalla desse samlingane som vil bli arrangerte med litt godt å bite i over nyåret.

Ta kontakt med styret, Tone med nummer 97783701, om du vil vere med!

Fiskarbondemuseet, er museet med dei gode hjelparane, og vil vi når det vårast, samle dei og lage eit vennelag. Vi vil komme saman på denne perla av eit fiskarbondbruk og berre snakke over ein kopp kaffi og vaflar eller gjere ein hyggeleg liten dugnad for ei særskilt viktig sak: Kunnskapen om å leve og greie seg med det havet og jorda kan gi. Både fastbuande og hyttefolk er hjarteleg velkomne! Sjå etter oppslag eller ta kontakt med Tone!

Styret i Gulen Fiskarbondemuseum



Lyst på foreldrerettleiings kurs?



Gulen kommune tilbyr foreldrekurset ICDP til alle dykk som har barn mellom 0-16 år. ICDP (International Child Development Program) er eit rettleiingsprogram som passar for deg som vil lære meir om:

- Deg sjølv som forelder
- Barnet ditt
- Korleis foreldre og barn gjensidig påverkar kvarandre.

Erfaringsmessig veit me at ICDP både styrkar foreldrekompetansen, styrkar samspelet mellom foreldre/barn og bidrar til auka trivsel for barnet. Les meir om ICDP på: <https://www.icdp.no/hva-er-icdp/>

- Foreldrerettleiingskurset er gratis og er ope for alle foreldre, men krev påmelding. **Påmeldingsfrist 15 desember.**
- Det går over 8 samlingar på 2 timar på ettermiddag / kveld på Dalsøyra skule med oppstart 13 januar.
- Det blir halde av godkjente ICDP rettleiarar (Ann Helen Engesæter, Jane Hesjedal, Hennie K. Lefdal og Linda M. Hantveit

Ut i frå påmelding blir det oppretta foreldregruppe, med ca 8 foreldre. Er pågangen stor blir det vurdert om ein også skal halde foreldrerettleiingskurs andre plasser i kommunen.


Påmelding til: Linda Hantveit via sms på tlf 41464116 eller e-post: linda.hantveit@gulen.kommune.no

Jol i Sogn

Endring av ansvarleg for sal av Jol i Sogn
Margrethe Skåden har tatt over for Leif Nyhammer når det gjeld sal av «JOL I SOGN»

Heftet kjem i sal i slutten av november.

Kan tingast på telefon 48120586, eller på e-post margresk@gmail.com



INFORMASJON OM TELEUTFALL PÅ NORSK, ARABISK, POLSK OG ENGELSK

I Gulen kommune opplever me frå tid til annan at deler av kommunen får totalt teleutfall. I situasjonar der fasttelefon, mobilsamband og fiber/nett er ute er det viktig at de som innbyggjarane kjenner til at det finst alternativter dersom de skulle vere i ein situasjon der liv og helse står i fare og de treng hjelp.

I slike situasjonar vil det som oftast framleis vere mogleg å bruke nødnettet. Nødnett er eit lukka beredskapsnett for politi, brannvesen, helsetenesten og andre aktører med eit nød- og beredskapsansvar.

I Gulen kommune har desse personane tilgang til nødnettapparat:

- Mannskap i brann- og redningsetaten
- Legane
- Ordførar, kommunedirektør

I tillegg et det stasjonert eit nødnettapparat på kvart bu- og omsorgssenter (i Eivindvik – på Gulen sjukeheim).

Ved krisehendingar vil Gulen kommune informere på heimesida

www.gulen.kommune.no og i særskilte tilfeller gjennom SMS varsling.

البلدية تتعرض لانقطاع كامل لشبكة الاتصالات. وفي الحالات التي ينقطع فيها الاتصال عن طريق الهواتف الأرضية وشبكة الجوال وشبكة النت / الفايبر، فمن المهم أن يكون سكان البلدية على دراية بأن هناك بدائل في المواقف الطارئة التي قد تشكل خطورة على حياة الإنسان وسلامته ويحتاج الناس فيها للمساعدة. وفي مثل هذه المواقف فعادة ما يكون من الممكن استخدام شبكة الطوارئ، وشبكة الطوارئ هي شبكة تأهب مغلقة خاصة بالشرطة والمطافئ والخدمات الصحية والجهات الأخرى التي عليها مسؤوليات في حالات التأهب والطوارئ.

لدى هؤلاء الأشخاص إمكانية استخدام أجهزة شبكة الطوارئ في بلدية "غولين":

طاقم هيئة الإنقاذ والمطافئ الأطباء

رئيس البلدية والمدير الإداري في البلدية ونائب المدير الإداري بالإضافة لوجود جهاز لشبكة الطوارئ في كل مركز من مراكز السكن والرعاية (في "أيفينديك" - وفي دار "غولين" للمسنين)

-

في حالات الأزمات ستقوم بلدية "غولين" بإعطاء معلومات على صفحة www.gulen.kommune.no وفي SMS الحالات الخاصة سيتم الإخطار عن طريق رسائل نصية

Tłumaczone z norweskiego

W gminie Gulen zdarza się od czasu do czasu, że w niektórych jej częściach całkowicie zanika łączność telefoniczna.

W sytuacjach, kiedy nie działają telefony stacjonarne, sieć komórkowa ani światłowody/Internet, ważne jest, żebyście wy jako mieszkańcy wiedzieli, że istnieją inne alternatywy, gdybyście znaleźli się w sytuacji zagrożenia zdrowia lub życia i potrzebowali pomocy.

W takich sytuacjach będzie najczęściej nadal możliwe korzystanie z kryzysowej sieci łączności (nødnett). Jest to zamknięta sieć łączności kryzysowej dla policji, straży pożarnej, służby zdrowia i innych instancji odpowiedzialnych za bezpieczeństwo publiczne i w wypadku wystąpienia sytuacji kryzysowych.

W gminie Gulen następujące osoby mają dostęp do sieci łączności kryzysowej:

Personel służb przeciwpożarowych i ratowniczych
Lekarze

Burmistrz, szef administracji gminnej i jego zastępca

Oprócz tego każdy ośrodek mieszkalno-opiekuńczy posiada aparat sieci łączności kryzysowej (w Eivindvik – w domu opieki Gulen sjukeheim)

Przy zdarzeniach kryzysowych gmina Gulen będzie informować mieszkańców o sytuacji na swojej stronie internetowej www.gulen.kommune.no, a w sytuacjach szczególnych - poprzez ostrzegawcze SMS-y.

Emergency Network

In Gulen we occasionally experience that part of the municipality lose telecommunications.

When this happens, it will still be possible to use the Emergency Network if you are in a situation where your life or health is in danger. This network is a closed emergency network that is used by the police, fire department, healthservices, and by a few other people who have a special responsibility in case of an emergency situation.

In Gulen municipality the following groups/people have access to the emergency network:

- Firemen
- Doctors
- Mayor, municipal executive

In addition, you will find one network terminal stationed at each of our senior centers (in Eivindvik – at Gulen sjukeheim)

In case of emergency, Gulen municipality will provide information on the official website www.gulen.kommune.no and in special situations by sending out text messages.